

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2003 01466	Doknr.: 12
Mottatt: 6 JAN 2005	
Saksbeh.: LP/SJ/HGR	Ark.: 548.40
Kopli:	Avskr.:



Møre og Romsdal fylke



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200301466-/HGR	03.12.2004	FM: 2004/9800/ARHD/521.1	Arnold Hoddevik, 71258154	05.01.2005

## Forslag til forskriftsendring i forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket § 8

Landbruks- og matdepartementet har i brev datert 3.12.2004 bede om uttale til forslag om endring av forskrift om produksjonstilskott § 8. Den foreslåtte endringa vil framheve at paragrafen handlar om miljøkrav, og opnar for at det kan fastsettest særskilde tiltak for bestemte område i eigen forskrift.

Møre og Romsdal fylke er ser positivt på dei foreslåtte endringane. Overskrifta «Miljøkrav» vil vere meir i tråd med innholdet i paragrafen. Vi er òg samde i dei vurderingane som departementet har gjort omkring endringa av 3. ledd.

I tillegg trur vi det vil vere enklare for søkjarane å innrette seg etter reglar som er kjende på førehand enn å innrette seg etter enkeltvedtak. Dersom særskilde tiltak er fastlagde i eigen forskrift for eit bestemt område, kan føretaka planlegge og innrette produksjonen og drifta si i tråd med dette.

I samband med regionalt miljøprogram har kommunane fokusert lite på temaet erosjon. Erosjon er ikkje noko stort problem i Møre og Romsdal, fordi innslaget av open åker er så lite. Dersom driftsforma endrar seg i retning av meir open åker, vil erosjon kunne bli eit problem her òg. Flaum har i enkelte tilfelle ført til at større areal har blitt sett under vatn. I Rauma og på indre Nordmøre kan det av og til vere noko vinderosjon. Heller ikkje kystområda er det knytt særlege problem til i Møre og Romsdal.

Med helsing

  
Ole Syltebø  
Landbruksdirektør

  
Arnold Hoddevik  
Førstekonsulent